

# **ÅRSMELDING FOR ØRSKOG HISTORIELAG ÅR: 2009**



**SJØHOLTØYRA MOT ØRSKOGVIKA**

**DATERING: 1890-ÅRA**

**FOTOGRAF: AXEL LINDAHL**

**UTGIVAR : MITTET**

**EIGAR: ØRSKOG HISTORIELAG**

# FLINDTBRUKET



FLINDTBRUKET

Stad: Fotografert ved Veltene.

Datering: 1940-45.

Fotograf: Ukjend

Eigar: Jon Lid





# ÅRSMELDING FOR ØRSKOG HISTORIELAG ÅR: 2009

ØRSKOG HISTORIELAG vart stifta i 1985. Dato for skipingsmøtet var 16. april 1985.

Laget rundar såleis 25 år i 2010.

*§1 i laget sine lover lyder:*

*Ørskog Historielag har til føremål å ta vare på kunnskapen om fortida til dei bygdene som ligg i Ørskog kommune, og arbeide for at folk kan få del i denne kunnskapen.*

*Dette kan gjerast ved:*

- a. å samle inn folkeminne og anna tradisjonstilfang.
- b. å leite fram og systematisere opplysningar i skriftlege kjelder.
- c. å spreie desse opplysningane ved å gje ut bøker og tidsskrift, eller halde kurs og foredrag.

ÅRSMØTET i Ørskog historielag vart halde i Paktarhuset 3. mars 2009. 14 medlemmer var til stades. Årsmeldinga for 2008 og rekneskapen for 2008 vart godkjende utan merknader.

Vala vart gjort i samsvar med framlegg frå valnemnda utan at nemnda hadde funne fram til ny leiarkandidat. Årsmøtet ga styret fullmakt til å finne fram til leiar innan det valde styret. Dersom ei slik løysing ikkje er på plass innan 31. mars 09, vert det kalla inn til ekstra årsmøte.

Valnemnd var: Rolf Hatlen, Åse Karin Gjære og Magnhild Schmidiger.

Arbeidsoppgåver for år 2009 vart drøfta og ulike prosjekt vart prioriterte. Årspengane for år 2010 vart ikkje endra frå 2009 og vil då vere 175 kr også i 2010.

Etter vala på årsmøtet og konstituering av styret 24. mars 09, har styret vore samansett slik:

*Styret:*

- |                      |              |
|----------------------|--------------|
| - Einar Landmark     | leiar        |
| - Petter Sjøholt     | nestleiar    |
| - Ragnar Bakken      | skrivlar     |
| - Terje Misund       | kasserar     |
| - Jarle Erstad       | styremedlem  |
| - Brynje Vethe       | 1.varamedlem |
| - Egil Vestre        | 2.varamedlem |
| - Turid Valbø Haddal | 3.varamedlem |

*Nemnder/utval knytta til arbeidet i laget:*

- |                            |  |
|----------------------------|--|
| - Teknisk utval:           | 4 medlemmer – leiar Svein Stene                                    |
| - Skriftnemnd:             | 6 medlemmer – leiar Grethe Leikny Gjerde                           |
| - Aktivitets/museumsnemnd: | 4 medlemmer – leiar Leif Bårdsgjære                                |
| - Husstyre:                | 4 medlemmer + 2 medlemmer frå Husflidslaget - leiar Kjell Arve Lid |
| - Fotoregistrering:        | 7 medlemmer – leiar Ole Øystein Nybø                               |
| - Kalenderkomite for 2010: | Ørskog Rotary hadde ansvaret for kalendaren dette året             |
| - Nemnd for Postvegen:     | 4 medlemmer – leiar Jan Lande                                      |
| - Revisorar:               | Oddhild Frøysedal og Trude Fimland Sjøholt                         |
| - Valnemnd for 2009:       | Åse Karin Gjære – Tore P. Gjære – Magnhild Schmidiger              |

**Styret** har i meldingsåret hatt 9 møte:

24. mars – 22. april – 10. juni – 30. juli - 25. august – 30. september – 9. oktober - 9. desember - 18. februar. Styret har handsama 66 protokollerte saker. Medlemstalet i 2009: 180 inkl. 5 verksemder – jf. årsskriftet for 2009. Dette er ein netto auke på 3 frå året før.

På sammøte mellom styret og nemnder/utval 22.04.09 vart arbeidsoppgåver/årsplan og prioriteringar drøfta og vedtekne. To av nemndene var fråverande.

**Frå styreprotokollen** tek vi med i stikkords form dei fleste av sakene som har vore til handsaming:

- ✓ Konstituering av styret – val av leiar – jf årsmøtevedtak.
- ✓ Fellesmøte med nemnder/utval – arbeidsoppgåver – prioritering av oppgåver.
- ✓ Minnestøtte over Olav Oksvik – initiativ – oppfølgjing. Val av medlemmer til nemnd.
- ✓ Bygdevandringar – Akslevollen (01.06.09) og Brautehaugen (30.08.09) - planlegging.
- ✓ Kveldseta – drøftingar – oppsett av tema – fordeling av oppgåver.
- ✓ Eventuell restaurering av høyløe – ikkje aktuelt for laget.
- ✓ Løklibakken som kulturminne - eventuell tavle.
- ✓ Postvegmarsjen 2009 + kulturminnedagen – slått saman – 1301. sept.
- ✓ Gåve frå Ørskog Sparebank: 8.000 kr. Ørskog kommune: 5.000 kr.
- ✓ Kulturminneåret 2009 – kulturminneatlas.
- ✓ Medlemsverving. Ny brosjyre for laget er laga og trykt opp.
- ✓ DVD – lokomobilen. Førebuande arbeid. Engasjert Ørskog Videoklubb v/Olav K. Sjøholt.
- ✓ Samarbeid med Ålesund Filatelistklubb – messe september 2009.
- ✓ Gåver – fleire.
- ✓ Leiting etter malmvogna utanfor Stavseng + søk etter tysk fly som styrta på Ørskogvika under siste verdskrigens– Ålesund Dykkerklubb i samarbeid med Historielaget. Ingen funn.
- ✓ Bevaring av gravminne – registreringsarbeid m.m. - samarbeid med Soknerådet.
- ✓ Bygningsmessige endringar Paktarhuset – avslag på søknad Fylkeskonservator. Anke.
- ✓ Kvernhuset – arbeid med renne. Nærmar seg ferdigstilling.
- ✓ Ei rekje skriv og meldingar og førespurnader.
- ✓ Verdiceka september 2010 – aktuelt med deltaking i sentrumsvandring.
- ✓ Førebuing av årsmøtet. Årsmøte Sunnmøre Historielag – lagt til Ørskog 30. mai 2010.

**Orienteringar og drøftingar i styret om arbeidet i nemnder og utval – der vi tek med:**

- ✓ Årsskriftet for 2009.
- ✓ Arkivering- og registreringsarbeidet. Gåver.
- ✓ Fotoregistreringsarbeidet.
- ✓ Paktarhuset - ymse arbeid.
- ✓ Bygdebøkene Ørskog
- ✓ Utsmykking Ørskoghallen – her er vi ikkje komne i mål enno.
- ✓ Kyrkjeboka.

Ørskog historielag saman med Ørskog Rotary har sidan 1995 årleg gjeve ut **Ørskogkalendaren** – med biletmotiv frå Ørskog.

Frå 2001: Laga har hatt ansvaret for utgjevinga annakvart år. Ørskog historielag for 2002.

**Kalendaren for 2010 har Ørskog Rotary hatt ansvaret for.**

Ørskog Sparebank har kvart år kjøpt ein stor del av opplaget til utdeling til i Ørskog.

**Kveldsete/bygdevandringar:** Styret har hatt hovudansvaret for desse:

I meldingsåret (mars – mars) har kveldsete vore avvikla med desse 7 **temaene**:

Svarteboka v/Ole Øystein Nybø (19 pers.) - Bygdevandring til Akslevollen m/orientering v/Hans H. Daae Qvale (50 pers.) - Bygdevandring til Braute og Brautehaugen med orienteringar v/Jorunn S. Myren og Lars Brautehaug (30 pers.) - Slaget i Hiorungavaag v/Einar Landmark (35 pers.) - Pelsdyrnæringa i Ørskog v/Jostein Vestre (12 pers.) - Emballasje i landbruket v/Rolv Amdam (16 pers.) - Sjøholt sentrum etter 1945 v/Petter Sjøholt (26 pers.).

Samla oversyn over alle kveldsseta sidan 1998 finn vi på laget si heimeside –  
[www.orskog.historielag.org](http://www.orskog.historielag.org)

**Husstyret** – frå arbeidet til husstyret tek vi med:

- ✓ Medlemmer: **Kjell Arve Lid** (leiar) - Kjell Vestre – Gunnar Tenfjord – Jorunn Giskemo + 2 medlemmer valde frå Husflidslaget.
- ✓ Reingjering m.m. er utført.
- ✓ Plenslått og stell utandørs – jf. avtale/samarbeid med soknerådet.
- ✓ Prosjektering av rullestolrampe utført (hovudstyret). Søknad vart sendt Fylkeskonservator. Vi har motteke avslag og saka er anka.
- ✓ Paktarhuset har også dette året vore ein del nytta til møte og samkomer.

Vi tek også med at Fylkeskonservatoren har bestemt at teknisk tilstand for alle freda bygningar i privat eige i Møre og Romsdal skal registrerast. Dette er med tanke på ein vedlikehaldsplan. I Ørskog kommune gjeld dette berre paktarhuset på Prestegarden. Tore Stokke frå Ørsta var her 31. januar 2008 på oppdrag frå Fylkeskonservatoren, og han hadde då ein gjennomgang av huset. Det er sendt søknad til Fylkeskonservatoren om løyve til å setje i gang med dei tiltaka som rapporten peikar på. Det er også søkt om løyve til oppussing m.m. av baderommet. Svar er motteke og arbeidet kan starte innafor gjevne retningslinjer.

**Skriftnemnda** – frå arbeidet i nemnda rapporterer leiaren:

- ✓ Medlemmer: Bjørn Steinar Skarbø – Øyvin Danielsen – Solfrid Viset – **Grethe Leikny Gjerde** (leiar) – Karl G. Kirkreit – Einar Landmark.

Nemnda har hatt ni møte, dei fleste på samfunnshuset. Vi har brukt ein del tid på å følgje opp saka frå årsskriftet for 2008 om krigsdramaet ved Akslevollvatnet, sidan det vakte ein del reaksjonar frå lokale historikarar og krigsveteranar. Vi hadde eit møte med Erling Abelvik og Jens Viset om hendingane i juni, og har i etterkant av møtet undersøkt fleire informasjonskjelder, men utan at vi enno kan trekke ein endeleg konklusjon.

I arbeidet med stofftilfanget til årsskriftet i år, viste det seg at vi i år kunne få interessante artiklar om ulike næringsverksemder i Ørskog. Vi hadde i september eit møte med Ove Eide om artikkelen han heldt på med om malmgruvene i Vetafjellet.

Vi må også nemne at eit historisk møte på Ørskog Samfunnshus 1. september om slaget i Hiorungavaag basert på eit grundig forskingsarbeid gjort av Einar Landmark, har fått form av ein artikkel i årsskriftet.

Vi held også fram arbeidet med å presentere notidsstoff i årsskriftet, i år gjennom presentasjon av kunstnarane Berit Stavseng og Knut Kråkevik. Vi har også ein liten årskavalkade i form av bilete frå hendingar gjennom året 2009.

Skriftnemnda opplever at arbeidet med årsskriftet får god støtte frå mange bidragsytarar. Det har ikkje vore eit problem å få inn nok stoff, og det er stor velvilje å møte hos dei vi spør. Annonsene til årsskriftet gjekk det også i år greitt å få inn, og vi er takksame for at næringslivet i Ørskog støttar årsskriftet på denne måten.

Også i år kunne vi presentere ”Årsskrift 2009” for Ørskog Historielag, nummer 19 i rekka. Det vart eit fyldig årsskrift på 151 sider, og det har også fått god omtale i avisene. Innholdslista i årsskriftet var følgjande:

**Innholdslista i årsskriftet var slik:**

- ✓ Forord
- ✓ Malmgruvene i Vetafjellet – av Ove Eide
- ✓ Berit Stavseng – målar og grafikar – eit lite kunstnarportrett ved Karl Georg Kirkreit
- ✓ Knut Kråkevik: Frå kunstmålar til litterær biletkunstnar – Intervju ved Karl Georg Kirkreit
- ✓ Veterinærhistorikk – av Løve Verbenstad Loe
- ✓ Då Hans Myklebost og Elias Verpesdal omkom 22. februar 1863 – av Rolv Amdam

- ✓ Tante Ingeborg i Amerika – av Rolv Amdam
- ✓ Eit 100-års trafikkminne – av Einar Landmark
- ✓ Garn- og taubørke – av Rolv Amdam
- ✓ Høgde- og rundmåling av hest – av Rolv Amdam
- ✓ Lampeglas – av Rolv Amdam
- ✓ Litt om Akslevollen – av Hans Henrik Daae-Qvale
- ✓ Sollied, Strømme og Stene: Sleksforskarar frå Ørskog – av Einar Landmark
- ✓ Trelastnæringa på Sunnmøre på 1600-talet – av Øyvind Grimstad Gryt
- ✓ EIFA – eit lokalt industrieeventyr – Bjarne Eide intervjuet av Karl Georg Kirkreit
- ✓ Braute Grendahus – av Jorun Solnørdal Myren
- ✓ Kvar stod slaget i Hiorungavaag? – av Einar Landmark
- ✓ Hendingar gjennom året 2009
- ✓ Gamle biletar frå Ørskog
- ✓ Årsmelding for Ørskog Historielag 2008
- ✓ Medlemsliste Ørskog Historielag 2009
- ✓ Annonser

#### Teknisk utval – arbeidet i meldingsåret:

- ✓ Medlemmer: **Svein Stene** (leiar) – Ola Gausnes – Steinar Leganger – Einar Vestre  
Oppgåver og arbeid har særleg vore knytta til:
- ✓ Lokomobilen – vedlikehald. Oppstart med kappsag for videoopptak ved Svein Åge Saksen.  
Oppstart av lokomobilen i samband med Norgesløpet for veteranbilar.  
Skifta rute og lyspærer i lokomobilhuset.
- ✓ Rydding av elveskråninga bak kvernhuset. Rydda og sådd grasfrø ved kvernhuset.  
Arbeid med vassrenna til kvernhuset. Opning av kvernhuset er planlagt til 2010.
- ✓ Rydding av skog rundt kraftstasjonen.
- ✓ Montert lysrørlampe i smia.
- ✓ Rydda råsa og bana frå Lid ned til Arnt Hansen.
- ✓ Arbeidet med utsmykkingsoppdraget for Ørskoghallen har pågått og vil halde fram i 2010.

#### Aktivitets – og museumsnemnda – arbeid i meldingsåret:

- ✓ Medlemmer: **Leif Bårdsgjære** (leiar) – Leidulf Reite – Kåre Myren – Jostein Vestre  
Aktivitetar og oppgåver det har vore arbeidd spesielt med – rapport frå nemnda ligg ikkje føre.
- ✓ Nemnda har oppgåver med registreringsarbeidet av bøker, tidsskrift og gjenstandar.  
Arbeidet er ikkje ferdig – nye ting kjem også til! Registreringa er på data.
- ✓ Medarrangør i Postvegmarsj/kulturminnedagen 13. sept. 2009.

Vi tek med litt frå dette arrangementet:

Historielaget var med i arrangementskomiteen (samarbeid med Ørskog I.L., Friluftsrådet og Ørskog kommune).

Historielaget sitt ansvar: Mottak var denne gongen på Samfunnshuset med signering av diplomar. Postvegmarsjen vart arrangert for 6 år på rad. Den 3 km lange marsjen går frå postvoren i Amdamsfjøra til Prestefjøra. I noko regntungt ver gjekk knapt 100 (152 i 2008) marsjen denne gongen. 3-årsmerke og 5-årsmerke vart delte ut. Under marsjen var det lagt inn overraskningar med mellom anna servering av frukt. Etter marsjtid var det kulturarrangement på Samfunnshuset med utstilling av husflidssaker laga av sydama Sofie Sjøholt i regi av Husflidslaget. Ein flott dag – eit vellukka arrangement.

**Fotoregistreringsgruppa:** Laget har ei eiga gruppe som arbeider med registrering av gamle foto frå Ørskog. **Ole Øystein Nybø** har vore leiar i gruppa som i tillegg har desse medlemmene: Heidi Heggen, Tore Tenfjord, Gunnveig Skilbrei, Tore P. Gjære og Terje Misund. All registrering av opplysningar til avfotograferte biletar vert no gjort direkte på Internett.

I 2009 har gruppa lagt ut om lag 180 bilete på FylkesFOTOarkivet, <http://www.fylkesfoto.no>  
Pr 31.12.2009 er det til saman no registrert 530 bilete frå Ørskog på denne nettstaden. Samtidig har gruppa om lag 130 avfotograferte bilete som det vert arbeidd med tekst til. Desse reknar ein med å få lagt ut i 2010..

**Kyrkjebokregistreringa v/Ole Øystein Nybø:** Etter lang tid med venting har no endeleg Digitalarkivet lagt ut på nettstaden <http://www.digitalarkivet.no> alt vi tidlegare har registrert frå kyrkjebøkene for Ørskog prestegjeld. Heile kyrkjebøkene i tida 1817-1832 og 1832-1842 samt døypte 1842-1851 og 1851-1862, er no tilgjengelege på denne nettstaden. Dette omfattar også kyrkjebøkene for Sykkylven sokn.

Vi er også i gang med å skrive av perioden 1720-1743, som då omfatta både Stranda, Stordal, Ørskog og Sykkylven sokn. Og vi har eit håp om at dette skal vere klart til å legge ut på nettet i år.

**Postvegen – eiga nemnd: Jan Lande (leiar),** Elling Ødegård, Kristian Tøsse og Rolf Hatlen.  
Det har ikkje vore halde møte i meldingsåret. Noko aktivitet har det likevel vore: 1. mai vart det halde synfaring av Postvegen frå Kvandalsvegen mot Vestnes grense. Deltakarar var: Einar Landmark, Tore Gjære og Jan A. Lande. Dessutan tok Gunnar Braute del. Gunnar Braute har laga eit kostnadsoverslag til laget/Friluftsrådet. Overslaget syner ein kostnad på ca 885.000 eksl. MVA. Venteleg kan dugandsarbeid på første del av vegen byrja til våren – då med rydding av kratt. Kostnadsoverslaget er sendt Geir Haugli i Friluftsrådet. Elles er det nokre grunneigarar det må forhandlast med for det som gjeld bruk av grunn til opprusting av Postvegen.  
Det er kjøpt 8 stk PVCrør 300x6000 mm til bruk i stikkrenner i Postvegen. Til dette fekk ein stønadsmidlar frå Fylket. Desse røra er lagra hos Kristin T. Amdam. Den 17. november 2009 tok ein fatt på bautasteinen «Tverelv Broe». Tore stilte med traktor og steinen vart køyrd opp til austsida av steinbrua og vart sett ned der. Samstundes måtte vi erkjenne at bruva er i svært dårlig stand. Her må gjerast noko – i samråd med fagmiljø.  
Postvegmarsjen som vart arrangert for 6. gong 13. september 2009. Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom Ørskog I.L., Ørskog kommune, Friluftsrådet og vårt eige lag – jf. eigen omtale.

### **Smiarbeid:**

Geir Leslie Bjørkelund smed og instruktør saman med lokale «smedar» har teke på seg å utforme eit kunstverk i smijern som skal plasserast i den nye Ørskoghallen. Ein vonar å ha kunstverket ferdig og på plass i hallen i 2010.

**Nettsider Ørskog Historielag:** Laget har i fleire år hatt eigne nettsider. Laget takkar Tore P. Gjære (innhald) og Øyvind L. Gjære (utforming) for flott arbeid. Sidene gjev mykje god informasjon om laget: Adresse: [www.orskoghistorielag.org](http://www.orskoghistorielag.org)

Innhald: Framside – Aktivitetar – Om laget – Publikasjonar – Restaureringar – Andre oppgåver – Årsmelding – Gamle bilde – Kunngjeringar – Medlemsnytt – Gamle Sjøholt.

### **Ørskogkalenderen:**

Ørskog Rotary hadde i år ansvaret for kalenderen for 2010.

Kalendaren for 2011: Ansvar Ørskog Historielag – komite vert vald på årsmøtet 2010.

Alle husstandar har fått kalenderen – utsendt av Ørskog Sparebank.

**Rekneskap** for året 2009: Det vert vist til eige oppsett og eiga sak på årsmøtet.

**Framover:** Styret vil snarast etter årsmøtet halde eit møte saman med nyvalde nemnder og utval for å setje opp arbeidsprogram/årsplan for året 2010.

### **Viktige prosjekt for vidare arbeid og prioritering vil m.a. vere:**

- ✓ Ørskog Historielag 25 år – 16. april 2010!
- ✓ Olav Oksvik statue. Vidareføre arbeidet – eiga nemnd.

- ✓ Lokomobilen + modell Sjøholt Hotell til bankparken – kommune + Ørskog sparebank.
- ✓ Kvernhuset – slutføring av prosjektet – renne m.m.
- ✓ Kraftstasjonen – vedlikehaldsarbeid.
- ✓ Malmbana – vedlikehald.
- ✓ Paktarhuset – drift og vedlikehald.
- ✓ Årsskrift nr 20 – for år 2010. Innhold og arbeid.
- ✓ Ørskogkalender for 2011: Ørskog Historielag har ansvaret denne gongen.
- ✓ Fotoinnsamling/registrering – vidare arbeid.
- ✓ Kyrkjeboka – framhaldande arbeid.
- ✓ Kulturminneåret 2009 – arbeidet med kulturminneatlas alt i samarbeid med Ørskog K.
- ✓ Tilskipingar – kulturminnedagen 12.09.10 med tema:»Nytt liv i gamle minne».
- ✓ Registreringsarbeid – arkivering m.m.
- ✓ Postvegen – starte arbeidet i Landedalen/Ørskogfjellet. Postvegmarsjen for 7. gong.
- ✓ Kveldsete om lag 6 arrangement pr år – dette er viktig å halde fram med!
- ✓ Bygdevandringar – m.a. Sentrumsvandring i verdiveka i september.
- ✓ Bygdebökene – kome vidare i samarbeid med Ørskog Sparebank?
- ✓ Stadnamnbok for Ørskog – samarbeid med Skodje og Ørskog mållag?
- ✓ Småbedrifter i Ørskog – registreringsarbeid.
- ✓ Medlemsverving.

Til slutt vil styret rette ei stor takk til alle som har arbeidd aktivt innan laget – eller har gjeve positiv støtte og respons til arbeidet i meldingsåret 2009.

I eit gammalt ord som vi finn på laget si internettseite heiter det:

**”Å gløyme fortida si, er å leve som ein bekk utan kjelde, som eit tre utan rot.”**

For styret i Ørskog Historielag år 2009.

Ragnar Bakken – skriver –

historielagetåsmelding 2009



Frå starten av Postvegmarsjen – Amdamsfjøra – med utsyn til Vestre



